

Årsmelding 2022

Sognekraft AS



Innholdsliste

| | |
|----|-----------------------------|
| 3 | Konsernsjefen har ordet |
| 4 | Visjon og kjerneverdier |
| 5 | Forretningside og mål |
| 6 | Hendingar i 2022 |
| 7 | Hovudtal konsern |
| 8 | Samfunnsansvar og berekraft |
| 10 | Konsernleiinga |
| 11 | Eigarar og konsernstruktur |
| 12 | Kraftverka |
| 13 | Sognekraft Produksjon AS |
| 14 | Sygnir AS |
| 15 | Soggenett AS |
| 16 | Sogn Utvikling AS |
| 17 | Årsmelding frå styret |
| 27 | Resultat |
| 28 | Balanse |
| 30 | Kontantstraum |
| 31 | Notar |
| 46 | Revisjonsmelding |



Ei drivkraft i det grønne skiftet

Etterspurnaden etter rein kraft er høgare enn nokosinne i Noreg, og elektrifisering av samfunnet har starta for fullt. For kraftbransjen, som skal leggje til rette for eit auka behov for fornybar energi i framtida, gjev dette nye utfordringar.

Ei kortsiktig marknadsanalyse frå Statnett syner at Noreg kan få eit kraftunderskot i 2027. Dette vil sannsynlegvis gje høgare prisar som rammar hushaldningar, industri og framtidige arbeidsplassar. Behovet for meir kraft er stort og skal ein lukkast med det grønne skiftet, er det avgjerande å få redusert gapet mellom etterspurnad og tilgjengeleg kraft i framtida.

I Sognekraft er me stolte over å eiga og/ eller drifta kraftverk som til saman produserer over 1 TWh, noko som svarar til forbruket til om lag 50.000 husstandar. Som drivkraft i Sogn ynskjer me å bidra til auka kraftproduksjon. Difor er det gledeleg at Feios kraftverk har byggjearbeid i 2023 og at Leikanger kraftverk var i full drift i 2022.

”

Me har verktøya for å løyse samfunnsoppdraget, lokale og regionale medspelarar i ryggen og 150 motiverte medarbeidarar som kvar dag går på jobb for å skapa framtidas berekraftige Sogn. Me gler oss til 2023!

Terje Bakke Nævdal

Auka kraftproduksjon, elektrifisering og endra forbruksmønster som kjem i det grønne skiftet skapar behov for kraftigare straumnett. Sygnir sine investeringsplanar for dei næraste 10 åra utgjer om lag 800 millionar kroner, og vil legge grunnlag for vekst og utvikling av grønne næringar i Sogn. I 2022 har det vore stor byggeaktivitet i store delar av regionen, med blant anna nytt linjenett på Leikanger og omfattande investeringar i Lærdal.

Soggenett tilbyr eit fibernett i Sogn med ei dekning i landstoppen. Suksessen er eit resultat av målretta arbeid, der utgangspunktet var at den nasjonale teleoperatøren ikkje fann Sogn interessant. No satsar Soggenett vidare for å også bli ein leiande leverandør av IT-tenester lokalt. Soggenett IT er etablert i 2023 i samarbeid med to andre regionale aktørar.

Fornybar energi er Sogn sitt viktigaste ressurs når framtidas grønne industri skal utviklast. Eigarkommunane og Sognekraft har store ambisjonar på vegne av regionen, og skipa hausten 2022 Sogn Utvikling. Gjennom selskapet skal Sognekraft vere pådrivar for- og legge til rette for etablering, utvikling, verdiskaping og spennande arbeidsplassar i lokalsamfunna i Sogn.

Det er ei spanande tid å vera i kraftbransjen, sjølv om det er eit



Terje Bakke Nævdal

paradoks at noverande skattesystem favoriserer investering i fossil energi framfor fornybar. Sognekraft er godt posisjonert som drivkraft i regionen på veg inn i det grønne skiftet. Me har verktøya for å løysa samfunnsoppdraget, lokale og regionale medspelarar i ryggen og 150 motiverte medarbeidarar som kvar dag går på jobb for å skapa framtidas berekraftige Sogn. Me gler oss til 2023!

Terje Bakke Nævdal
Konsernsjef

VISJON

Sognekraft – ei drivkraft i Sogn!



Kjerneverdier

Tryggleik

Tryggleik for liv og helse har alltid første prioritet. Me er i ein bransje der feilvurdering av mekaniske og elektriske krefter kan få alvorlege konsekvensar.

Trivsel

Trivsel på jobb skapar godt arbeidsmiljø og god produktivitet.

Påliteleg

Sognekraft er påliteleg. Me skal halda det me lovar, levera til rett tid og med rett kvalitet.

Nyskapande

Med visjonen drivkraft i Sogn er selskapet nyskapande. I Sognekraft er det rom for kreativitet og me torer å satsa.

Forretningside og mål

Sognekraftkonsernet si verksemd omfattar produksjon, distribusjon og omsetning av energi, breiband og infrastruktur. Vidare har konsernet verksemd i samband med desse kjerneaktivitetane.

Med visjonen «Drivkraft i Sogn» i ryggmargen, har Sognekraft sidan 2005 arbeidd målretta for å skapa resultat for eigarane våre gjennom å:

Auka produksjonen

Sidan 2014 har me medverka til at kraftproduksjonen i regionen har auka med om lag 400 GWh, som tilsvarar forbruket til om lag 20 000 husstandar.

Ha eit framtidretta nett

Samtidig som me knyter til nye kraftverk, oppgraderer me straumnett i Sogn for å stå rusta til å møte eit nytt forbruksmønster og tilrettelegging for elektrifisering av samfunnet.

Driva effektivt

Me skal heile tida jakta dei gode løysingane, som stør opp under lønsam vekst.

Hausten 2022 starta satsinga for å legge til rette rette for kraftkrevjande næring nær sterke uttakspunkt i straumnett. Målet er å auka volumet som vert transportert i straumnett, skapar nye arbeidsplassar, samtidig som at ein tilrettelegg for lokal bruk av kraft produsert i Sogn.



Hendingar i 2022

Januar

For å gi nettkundene stimulans til jamnare straumforbruk vart regelverket frå RME endra frå 1. juli 2022 til at fastleddet i tariffane må differensierast etter effekt. Med bakgrunn i behov for harmonisering av tariffane mellom dei tre fusjonerte nettselskapa innførte Sygnir tariffendringa allereie frå 1. januar.

Februar

Russland gjekk til krig mot Ukraina 24. februar. Krigen har påverka kraftprisar og medført prisauke på komponentar til infrastruktur, lengre leveransetider samt generell pris- og renteauke.

Avsluttande testar for generator i Leikanger kraftverk vart gjennomført med tilfredsstillande resultat.

Mars

Trafikken i Sognenett var for fyrste gong oppe i 40 Gbps.

April

Fosseteigen og Tynjadalen kraftverk vart tilknytt nettet, der mellombelse løysingar gjorde dette mogleg på dette tidspunktet.

Mai

Sygnir sette i drift ADMS-system/ programvare i driftssentralen som hjelper operatørane med å hente inn data frå straumnettet, slik at ein får rapportert feil raskare og retta feila meir effektivt.

Juni

Tynjadalen kraftverk formelt overteke/sett i drift 13. juni og offisiell opning av kraftverka til Kuvelda Kraft 17. juni.

Juli

Åpenhetsloven tredde i kraft 1. juli 2022. Lova skal fremja verksemder sin respekt for grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, og sikre ålmenta tilgang til informasjon.

August

Det vert starta opp arbeid ved Dyrnesli kraftverk i Vadheim, med rehabilitering av røyrgate og etablering av luke i magasinet Raudesanden.

Etter at siste SogneNettkunde på xdsl nettet til Telenor vart kopla ned i januar og siste coax kabel kunde vart kopla ned i august, har SogneNett har 98% av kundane sine på fiber og alt på eigen teknologi.

September

I pressekonferanse 28. september gjorde regjeringa det kjent at den effektive grunnrenteskattesatsen på vasskraft ville bli auka frå 37% til 45% med verknad frå 1. januar 2022. Samtidig vart det innført eit høgprisbidrag som gjeld frå den dagen endringane vart gjort kjent.

Sognekraft Produksjon overtok ansvar for vedlikehald av Leinafoss Kraftverk i Flåm.

SogneNett etablerte og aktiverte i april den første 100 Gb kapasitet kanalen til Oslo. Stamnett med 3 vegar til Oslo og lokasjonar der vart ferdigstilt i september. Tovegs ringstruktur til Bergen vart oppretta og ein sikra dermed den siste missing linken på ringstrukturar til eige nett i Sogn.

Oktober

Oppstart av mikroturbin på Trastadalsdammen.

November

Flaumen i Indre Sogn skapte problem og skader for fleire av småkraftverka.

Mundalselvi kraftverk i Fjærland vart sett i drift 25. november.

Ein har registrert ei utvikling der kundane i større grad etterspør heilskaplege leveransar av internett og IT-tenester. SogneNett ønskjer å fylle ei rolle som totalleverandør i Sogn, og stifta SogneNett IT 25. november. Selskapet har kjøpt opp Vik IT-Partner i 2023 og samarbeider med Voss kommunikasjon.

Desember

Sygnir kjøpte Statnett sitt 300 kV og 66 kV-anlegg i Leirdøla 1. desember som følgje av at Statnett har bygd ny transformatorstasjon. Dei overdregne stasjonsanlegga får namnet Fonndøla transformatorstasjon, og ombygging vert gjennomført i 2023.

Hovudtal konsern

| | 2022 | 2021 | 2020 |
|---|----------|----------|---------|
| Resultat (mill. kr) | | | |
| Sum driftsinntekter | 1795,4 | 1029,8 | 398,0 |
| EBITDA | 874,4 | 415,2 | 160,0 |
| Driftsresultat | 820,6 | 363,1 | 120,0 |
| Resultat før skatt | 864,4 | 347,2 | 88,0 |
| Årsresultat | 328,8 | 187,4 | 81,0 |
| Kontantstrøm (mill. kr) | | | |
| Netto kontantstrøm frå drift | 528,0 | 536,4 | 19,0 |
| Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar | -46,3 | -327,3 | -56,0 |
| Avskrivningar og nedskrivningar | 53,8 | 52,1 | 40,0 |
| Betalt utbytte | -41,6 | -16,1 | -26,0 |
| Balanse (mill. kr) | | | |
| Totalkapital | 2 910,3 | 2 594,4 | 2 230,2 |
| Eigenkapital | 1120,3 | 882,7 | 653,1 |
| Frie likviditetsreservar | 290,7 | 78,6 | 105,5 |
| Renteberande gjeld | 950,4 | 1180,9 | 1400,7 |
| Netto renteberande gjeld | 450,1 | 813,2 | 1009,6 |
| Nøkkeltal økonomi | | | |
| Eigenkapitalavkastning | 32,8 | 25,5 | 13,1 |
| Totalkapitalrentabilitet | 11,3 | 5,9 | 1,6 |
| Eigenkapitalandel, bokført | 38,5 | 34,0 | 29,3 |
| Eigenkapitalandel, ex kraftverk under bygging | 38,5 | 34,0 | 31,8 |
| Netto renteberande gjeld/EBITDA | 0,58 | 2,0 | 6,3 |
| Netto renteberande gjeld/EBITDA, ex kraftverk under bygging | 0,58 | 1,3 | 6,2 |
| Rentedekningsgrad | 53,4 | 14,6 | 6,6 |
| Nøkkeltal HMT | | | |
| Tal tilsette pr 31.12 | 140,0 | 136,0 | 118,0 |
| Tal årsverk i året | 145,0 | 132,2 | 110,0 |
| Sjukefråvær, prosent | 6,5 | 5,7 | 3,0 |
| Skader (H1) med fråvær pr mill. arbeidstimar | 7,0 | 0,0 | 5,0 |
| Skader (H2) med og utan fråvær pr mill. arbeidstimar | 7,0 | 4,0 | 10,0 |
| Nøkkeltal drift | | | |
| Vasskraftproduksjon GWh, verkeleg | 760,0 | 672,0 | 695,0 |
| Vasskraftproduksjon GWh, årsmiddel | 743,0 | 715,0 | 767,0 |
| Gjennomsnittleg spotpris NO5 | 193,4 | 75,7 | 9,7 |
| Forbruk i eige område GWh | 356,0 | 394,0 | 271,2 |
| Tal nettkundar | 13 400,0 | 13 160,0 | 9 531,0 |
| Nettkapital i mill. kr (NVE-kapital) | 983,4 | 882,4 | 639,0 |
| Tal breibandkundar | 8 857,0 | 8 436,0 | 7 746,0 |

Nøkkeltal 2022

Beløp i mill. kr.

Omsetning

1795
MNOK

Tilsette

140

Nettkundar

13400

Breibandkundar

8857

Strømforbruk

356
GWh

Kraftproduksjon

760
GWh

Samfunnsansvar og berekraft

Sognekraft produserer rein, fornybar energi og utviklar ny infrastruktur. Fornybar energi er sentralt for eit framtidig lågutsleppssamfunn og berekraftig utvikling. Fornybar energiproduksjon bidreg til å erstatta og redusera forbruket av fossil energi i Noreg og i verda.

Konsernet har ei sentral rolle i vår felles grønne framtid. Hausten markerte startskot for utvikling av ein offensiv berekraftstrategi som skal vera gjennomgåande i konsernet sine framtidige strategiar.

Medlem av Klimapartnere

Som medlem av Klimapartnere, arbeidar me for å bli fossilfrie og kutte direkte utslepp innan 2030.



Samfunnsansvar

Sognekraft tek samfunnsansvar. Kjerneaktivitetane er motor og kritisk infrastruktur for lokalsamfunna i Sogn og konsernet skal som forvaltar og utviklar vera ein påliteleg samarbeidspartnar og stimulera nyskaping og vekst på ein etisk og berekraftig måte.

Regionen vår skal vera ein god stad å vekse opp, leve, bu og jobba i. Konsernet er ein aktiv medspelar og bidragsytar til utviklingstiltak, forskning- og utdanning, frivillige lag, organisasjonar og arrangement i Sogn.



Me heiar på damene

Nysatsinga Sogndal FK damer har sjølvstekt Sognekraft i ryggen og gjennom Sogne-nettakademiet er ambisjonen å legge til rette for å utvikle toppfotballspelarar. I sin første sesong imponerte klubben med det unge laget og i 2023 skal dei ut og kjempa mot dei store byane i landet.

Kultur, idrett og utdanning

Me heiar på eldsjelene som skapar varige minne frå kultur og idrett i Sogn. Me samarbeider med idrettslag, og har vore tilstades på festivalar. På ViteMeir får born og unge frå 5.-10. klasse læra å koda, 3D-printa, lodda og reparera ting i Sygnir Reodorklubb.


Verdiskaping

Sognekraftkonsernet skapar aktivitet som gir arbeidsplassar og lønsemd til gode for eigarar og samfunn. Dette er i tråd med konsernet sin visjon om å vera ei drivkraft i Sogn. Samfunnsrekneskapan viser verdiane som er skapt fordelt på ulike interessegrupper.

- Tilsette får løn og sosiale ytingar
- Eigarane får utbytte og verdiauke i selskapet dei eig
- Lånegjevarane får renteinntekter
- Stat og kommune får skatt frå arbeidstakarar og Sognekraft

Verdiskapingsrekneskap konsern

| | 2021 | 2022 |
|---------------------------------------|----------------|------------------|
| Totale driftsinntekter | 1 029 795 | 1 795 406 |
| + aktiverte lønns- og personalkostn. | 31 377 | 33 994 |
| + aktiverte rentekostnader | 2 570 | 3 158 |
| - forbruk varer og tenester | (519 262) | -822 271 |
| Brutto verdiskaping | 544 479 | 1 010 287 |
| - ordinære av- og nedskrivningar | (52 101) | -53 794 |
| Netto verdiskaping | 492 378 | 956 493 |
| + finansinntekter | 29 928 | 82 255 |
| = Totale verdiar til fordeling | 522 306 | 1 038 748 |
| Fordeling av verdiskaping | | |
| Tilsette | | |
| Netto lønn og sosiale ytingar | 73 995 | 81 322 |
| Kapitalinnskytarar | | |
| Renter til kredittytarar | 48 345 | 41 614 |
| Renter og utbytte til eigarar | 41 620 | 97 607 |
| Stat, fylke og kommune | | |
| Skatt | 159 873 | 535 533 |
| Skattetrekk tilsette | 30 058 | 30 058 |
| Eigedomsskatt | 14 241 | 13 616 |
| Arbeidsgjevaravgift | 12 390 | 14 019 |
| Andre offentlege avgifter | 2 019 | 1 507 |
| Selskapet | | |
| Tilbakehalde overskot | 139 766 | 223 472 |
| Sum fordelte verdiar | 522 306 | 1 038 748 |



Konsernleiiga



Terje Bakke Nævdal
Konsernsjef



Berit Larsen
Visekonsernsjef



Erlend Bårgard
Konserndirektør produksjon



Elisabeth Stokkenes
Konstituert konserndirektør nett



Ole Petter Hatlevoll
Konserndirektør digitale
tenester




Bente Vangsnes
Konserndirektør økonomi og
finans

Konsernstruktur 2023



Eigarar



Kraftverka

| # | Kraftverk | Produksjon [GWh] | Andel produksjon Sognekraft [GWh] |
|----|----------------------------|------------------|-----------------------------------|
| 1 | Årøy kraftverk | 349 | 349 |
| 2 | Vikfalli | 831 | 100 |
| 3 | Sandal & Fosshem kraftverk | 10 | 3 |
| 4 | Timbra kraftverk | 9 | 4 |
| 5 | Nydalselva kraftverk | 20 | 10 |
| 6 | Indrebø kraftverk | 3 | 1 |
| 7 | Helgheim kraftverk | 8 | 4 |
| 8 | Hatlestad kraftverk | 15 | Eigd av Fjærland Kraft AS |
| 9 | Jordal kraftverk | 24 | Eigd av Fjærland Kraft AS |
| 10 | Romøyri kraftverk | 26 | Eigd av Fjærland Kraft AS |
| 11 | Lidal kraftverk | 22 | Eigd av Fjærland Kraft AS |
| 12 | Berge kraftverk | 19 | Eigd av Fjærland Kraft AS |
| 13 | Bjåstad kraftverk | 16 | Eigd av Fjærland Kraft AS |
| 14 | Mundalselvi kraftverk | 13 | 13 |
| 15 | Dyrnesli kraftverk | 52 | 52 |
| 16 | Kråkeelvi kraftverk | 14 | 14 |
| 17 | Svelgen | 710 | 71 |
| 18 | Leikanger kraftverk | 208 | 104 |
| 19 | Fardalselvi kraftverk | 10 | 10 |
| 20 | Feios kraftverk | 98 | 98 |
| 21 | Steinsvik kraftverk | 27 | 14 |
| 22 | Offerdal kraftverk | 95 | 76 |
| 23 | Tynjadalen kraftverk | 21 | 10 |
| 24 | Fosseteigen kraftverk | 16 | 8 |
| 25 | Leinafoss kraftverk | 24 | Eigd av Aurland Energiverk AS |



- Produserande kraftverk
- Prosjekt det vert planlagt å realisere
- Kun driftsansvar
- Konesjon - ikkje prioritert
- Under bygging

Fornybar Energi.
Kvar time, heile året.




Sognekraft Produksjon AS

Sognekraft Produksjon AS produserte 479 GWh frå vasskraft i 2022. Selskapet eig og driftar også eit fjordenergianlegg, samt har også eigardelar i andre selskap som har vasskraftproduksjon i drift og under utbygging eller planlegging. Total produksjon inkl. selskapet sine eigardelar var på 760 GWh i 2022, dette svarar til straumforbruket i nær 40.000 heimar. I starten av 2023 starta utbygginga av Feios kraftverk, som for tida er det største nye kraftanlegget under bygging i Noreg.

Aktuelle nøkkeltal

| | 2022 | 2021 |
|-------------------------------|------|------|
| Årsproduksjon, GWh, verkeleg | 760 | 672 |
| Årsproduksjon, GWh, årsmiddel | 743 | 715 |
| Operatøransvar, tal kraftverk | 20 | 16 |
| Tal tilsette | 22 | 20 |



Sygnir

Sygnir har ansvaret for overføring av elektrisk kraft til 13400 nettkundar i Sogn. Områdekonsesjonen dekkar kommunane Vik, Sogndal, Aurland og Lærdal. I tillegg har selskapet fleire anleggskonsesjonar i desse kommunane, samt i Luster kommune.

Aktuelle nøkkeltal

| | 2022 | 2021 |
|------------------------|---------|---------|
| Tal nettkundar | 13400 | 13160 |
| Forbruk, GWh | 356 | 394 |
| Nettkapital, mNOK | 983 | 882 |
| Leveringspålitelegheit | 99,984% | 99,996% |
| Tal tilsette | 81 | 79 |



Me får krafta fram
– nett der du er!



Meir fart
– meir moro!



Sognenett AS

Selskapet leverer tilgang til infrastruktur, kommunikasjonsløyser og internettaksess for privatpersonar, operatørar og verksemder. Sognenett har ei fiberdekning i kommunane Vik, Sogndal, Luster, Lærdal og Aurland på i gjennomsnitt 95%, noko som er blant det beste i landet. Trafikken i nettet auka med 47% frå 2021 til 2022.

Aktuelle nøkkeltal

| | 2022 | 2021 |
|--------------------------|-------|-------|
| Tal kundar | 8857 | 8436 |
| Privatkundar | 8101 | 7731 |
| Bedriftskundar | 756 | 705 |
| Kundar på fiberteknologi | 97,7% | 96,7% |
| Tal tilsette | 20 | 20 |

Ein framtidretta arbeidsmarknad!



Sogn Utvikling AS

Selskapet er etablert i samarbeid med Sognekraft sine eigarkommunar Vik, Sogndal og Luster. Dette var resultat av eigarane sitt forsterka mandat til konsernet si satsing på utvikling og arbeid med nysatsinga gjennom 2022. Målet er nye grønne arbeidsplassar i regionen, bygd på kortreist kraft og knytt til Sygnir sine linjer.

Eigarar



- 62,5% - Sognekraft AS
- 12,5% - Vik kommune
- 12,5% - Sogndal kommune
- 12,5% - Luster kommune



Geir Arve Sandvik
Styreleiar



Laura Kvamme
Nestleiar



Jens Melheim
Styremedlem



Arne Andreas Riisnes
Styremedlem



Grethe Hjetland
Styremedlem



Silje Skaar Sunde
Styremedlem



Jomar Leirdal
Styremedlem tilsette



Rune Svedal
Styremedlem tilsette

SOGNEKRAFT AS


Styret si årsmelding for 2022

Konsernet Sognekraft produserer og forvaltar fornybar energi. Konsernet si verksemd omfattar produksjon og transport av energi, breiband og tenester knytt til desse kjerneområda. Morselskapet Sognekraft AS har forretningsadresse i Vik i Sogn.

Konsernet sitt resultat etter skatt for 2022 vart på 328,8 MNOK. Det er 141,4 MNOK høgare enn i rekordåret 2021 og kjem i hovudsak av dei svært høge kraftprisane i Sognekraft sitt prisområde NO5 i 2022. Det er likevel gledeleg at alle forretningsområde viser positiv resultatutvikling samanlikna med 2021.

Økonomi og finans

Konsernet sine driftsinntekter vart på 1 795 MNOK i 2022. Dette er 765,6 MNOK meir enn for 2021 (1 029,8 MNOK). Auken kjem i all hovudsak som følgje av auka inntekter frå energisal, men dei andre forretningsområda gjev også positive bidrag. Inntekter frå kraftoverføring aukar med 55,4 MNOK og frå breiband og fiber med 4,9 MNOK. Andre inntekter utgjer 39,5 MNOK i 2022, det inneber ein reduksjon på 36,3 MNOK frå 2021, då ein hadde ein gevinst på sal av aksjar i hovudsak knytt til Sognekraft Straum AS til Wattn med 47,2 MNOK. Sjå også omtale av kraftproduksjon og kraftsal for meir informasjon om pris- og volumutvikling. Hovudsakleg grunna dei høge straumprisane, har sikringsportefølja for krafthandel og valuta resultert i eit samla tap på 132,1 MNOK.




Konsernet sitt driftsresultat for 2022 vart på 820,6 MNOK, mot 363,1 MNOK i 2021. Driftsresultatet fordeler seg med 751,6 MNOK innan kraftproduksjon, 48,2 MNOK innan nettverksemda, 10,2 MNOK for Sognenett og 8,3 MNOK for Sognekraft Fiber før eliminering av konsernpostar. Anna verksemd inngår med 2,7 MNOK.

Sognekraftkonsernet sine finansinntekter var på 82,3 MNOK i 2022 (29,9 MNOK). Av dette var 36,7 MNOK konsernet sin resultatdel frå tilknytte selskap, 18,5 MNOK kom frå renteinntekter, 9 MNOK frå utbyte, 10 MNOK frå valutagevinstar og 5 MNOK frå andre finansinntekter.

Størstedelen av auken frå året før er knytt til auka resultat frå tilknytte selskap. Konsernet sine finanskostnader i 2022 var 38,5 MNOK, noko under nivået i 2021 då det var på 45,8 MNOK. Netto finanspostar for konsernet bidrog difor positivt til resultatet med 43,8 MNOK i 2022.

Samla skattekostnader for 2022 vart på 535,5 MNOK, mot 159,9 MNOK i 2021. I 2022 auka den effektive skattesatsen for grunnrenteskatt frå 37% til 45% med verknad frå 1. januar. Dei høge kraftprisane i 2022 medførte også eit høgt grunnlag for grunnrenteskatt. Grunnrenteskatteskostnaden i 2022 vart såleis på heile 356,1 MNOK, samanlikna med 97,4 MNOK året før. Skattekostnad på ordinært resultat var på 179,5 MNOK (62,5 MNOK).




Årsresultat etter skatt for konsernet i 2022 vart på 328,8 MNOK, samanlikna med 187,4 MNOK i 2021. Det er eit historisk godt resultat for konsernet. Dette gav ei eigenkapitalavkastning på 32,8% i 2022.

Årsresultatet for morselskapet Sognekraft AS vart på 108,4 MNOK samanlikna med 95,6 MNOK året før.

Kontantstrøm og balanse

Netto kontantstrøm frå operasjonell aktivitet i året vart på 528 MNOK i 2022. Dette er 8,4 MNOK mindre enn i 2021 (536,4 MNOK). Kontantstrøm frå ordinært resultat på 864,4 MNOK viser ein stor auke på heile 517,2 MNOK, men etter betalt skatt, justering som fylgje av postar klassifisert som investering og endring i andre tidsavgrensingspostar, ender kontantstrøm frå drift litt under året før.

Driftsresultat før avskrivning (Ebitda)



Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar i 2022 var negativ med -46,3 MNOK (-327,3 MNOK). Då inngår innbetaling frå investeringar med 168,4 MNOK, først og fremst grunna tilbakebetaling av kapital frå Leikanger Kraft AS til eigarane. Den største investeringsaktiviteten i 2022 var det Sygnir AS som stod for, med netto investeringar på totalt 124,9 MNOK. Overdraging og kjøp av Fonndøla transformatorstasjon frå Statnett (tidlegare Leirdøla) utgjorde den største einskildinvesteringa. Netto endring i likvide midlar for konsernet var likevel positiv, etter bl.a. utbetaling av 41,6 MNOK i utbytte til eigarane og nedbetaling av gjeld, med ein auke på 212 MNOK i 2022.

Totalbalansen ved utgangen av 2022 var på 2 910,3 MNOK. Den bokførte eigenkapitalen auka frå 882,7 MNOK (34%) pr 31.12.2021 til 1 120,3 MNOK (38,5%) pr 31.12.2022. Selskapet si renteberande langsiktige gjeld utgjorde 950 MNOK ved utgangen av 2022, ein nedgang på 230 MNOK frå 2021, då den var på 1 180 MNOK. Frie likvide midlar utgjorde 290,7 MNOK og unyttta lånerammer utgjorde 890 MNOK inkl. kassekreditt på 70 MNOK.

Disponeringar

Årsresultatet i Sognekraft AS var på 108,4 MNOK i 2022. Selskapet sin frie eigenkapital før avsetjing til utbytte er 630,7 MNOK. Sognekraft AS sin utbyttepolitikk har lagt til grunn at det kan betalast ut inntil 30% av overskotet frå ordinær drift i utbytte. I tillegg er det avgrensingar i låneavtale knytt til eigenkapitaldel, likvide midlar og unyttta kredittar. Ut frå ei samla vurdering av resultatet som er oppnådd frå drifta av Sognekraft AS, har styret i selskapet tilrådd at det vert utbetalt eit utbytte på 95,9 MNOK til eigarane av morselskapet.

Styret føresler at årsresultat etter skatt på 108,4 MNOK vert disponert slik:

Disponering av årets resultat Sognekraft AS (i 1000 NOK)

| | |
|---------------------------------|----------------|
| Avsett til utbytte | 95 906 |
| Overført til annan eigenkapital | 12 455 |
| Sum disponert | 108 326 |

Framleis drift

I samsvar med rekneskapslova §3-3a, stadfestar styret at årsrekneskapen er avlagt under føresetnad om framleis drift og at årsrekneskapen er avlagt under denne føresetnaden.

Drift 2022

Kraftproduksjon

Verksemda vert driven gjennom det heileigde dotterselskapet Sognekraft Produksjon AS. Konsernet sine tre heileigde kraftverk produserte til saman 438 GWh i 2022, medan Sognekraft sin del av produksjonen i dei deleigde kraftverka utgjorde 322 GWh. Samla produksjon for Sognekraft sine eigardelar vart såleis 760 GWh, samanlikna med 672 GWh i 2021. Produksjonen i eit middelsår er rekna til 743 GWh.

Sognekraft har om lag 80% av kraftproduksjonen lokalisert i sørlege Noreg i prisområde NO5, medan resterande 20 % er lokalisert i NO3. Ein har difor realisert uvanleg høge prisar for storparten av kraftproduksjonen. Prisskilnaden kom av at kraftbalansen er betydeleg sterkare i dei nordlege delane av Noreg og Sverige, samtidig som flaskehalsar i overføringsnettet hindrar denne krafta å kunne flyte sørover. Gjennomsnittleg kraftpris i sørlege Noreg var i snitt på 200 øre/kWh i 2022, meir enn ei dobling av rekordprisen på 76 øre/kWh i 2021. I prisområde NO3 var gjennomsnittsprisen 42,8 øre/kWh i 2022, ein liten auke frå 42,0 øre/kWh i 2021.

Omsetninga i produksjonsverksemda vart på rekordhøge 1 556 MNOK, samanlikna med 759 MNOK i 2021. Driftsresultatet vart på 751,6 MNOK, som er 481 MNOK høgare enn i 2021. Årsresultatet vart på 253 MNOK kroner, samanlikna med 167,2 MNOK i 2021.

Den 28. september publiserte regjeringa ein auke i grunnrenteskatten med tilbakeverkande kraft frå 1. januar 2022. I tillegg vart det innført ei høgprisavgift frå 28. september 2022, der det skal betalast ei avgift til staten på 23% av oppnådd kraftpris utover 70 øre/kWh. Sognekraft har forståing for at spesielle tider krev ekstraordinære tiltak. Ein er likevel sterkt uroa over signaleffekten til investorar i kraftnæringa når det gjeld behov for føreseielege rammevilkår i ei kapitalkrevjande næring. Endringar i skatt og andre rammevilkår bør som tidlegare verte grundig utgreia før dei blir innført.

Utvikling av ny vasskraftproduksjon har i ei årrekkje vore den viktigaste satsinga for å oppnå langsiktig verdiskaping i Sognekraft. Dei siste 15-20 åra er det lagt ned mykje arbeid for å sikre konsernet rettar til å utvikle nye vasskraftprosjekt fram mot utbygging. Sognekraft har gjennom 2022 fullført utbygginga av Mundalselvi kraftverk i Fjærland. Anlegget blei sett i drift fjerde kvartal 2022.

Anlegget er forventa å produsere om lag 13 GWh i eit normalt år. Gjennom ein eigardel på 49 % i Kuvelda Kraft AS har Sognekraft bygd ut to kraftverk i Lærdal kommune. Fosseteigen kraftverk blei sett i drift i 2021. I andre kvartal 2022 blei også Tynjadalen kraftverk sett i drift. Grunna utfordringar med kraftnettet i Lærdal har ikkje anlegga kunne produsere med full effekt gjennom 2022, men dette er utbetra første kvartal 2023. Forventa total produksjon for begge kraftverka i full drift er 37 GWh. Selskapet har også ein eigardel på 50 % i Leikanger Kraft AS som gjennom 2022 har arbeida med fullføring av byggeprosjektet for Leikanger kraftverk. Gjennom året er det i hovudsak utført arbeid med utbetring av Trastadalsdammen til å støtte dagens forskrifter, samt arbeid med ny drikkevassledning til Leikanger.

Gjennom 2022 har ein arbeidd med å kartlegge risikoar og rammevilkår for Feios kraftverk, med mål om å kunne gjera eit investeringsvedtak før den konsesjonsgitte byggefristen 8. mars 2023. Utbyggingsvedtak vart fatta i starten av 2023. Feios kraftverk er forventa å produsere kraft frå våren 2026, då med ein forventa gjennomsnittleg årsproduksjon på 98 GWh. I tillegg disponerer konsernet konsesjonar i Kråkeelvi i Høyanger kommune, Fardalselvi i Sogndal kommune samt Indre- og Ytre Offerdal kraftverk i Årdal kommune. Det vert arbeidd mot å realisera desse, samtidig som det også vert planlagt oppgraderingar ved kraftverka i Årøy i Sogndal kommune og Dyrnesli i Høyanger kommune.





Straumnett

Verksemda vert driven i dotterselskapet Sygnir AS, som leverer straum til om lag 13 400 målepunkt i kommunane Vik, Sogndal, Aurland og Lærdal. I tillegg har selskapet nettanlegg i kommunane Høyanger og Luster. Sognekraft AS eig 80% av selskapet, medan Lærdal Energi AS og Aurland Energiverk AS eig 10% kvar. Verksemda er underlagt inntektsrammeregulering fastsett av Reguleringsmyndigheten for energi (RME), som er ei avdeling i Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Selskapet hadde inntekter på 252 MNOK i 2022, samanlikna med 191 MNOK i 2021. Endringa i inntektsramme er i stor grad relatert til korleis inntektsramma er samansett, der moment som kostnadsgrunnlag, kraftprisar for nettap, effektivitet, KPI-vekst og rente påverkar ramma frå år til år. I 2022 er det spesielt høgare rente og auka kraftpris for nettap som har auka inntektsramma. For å redusera sannsynet for auka nettleige på grunn av høge kraftprisar, har RME gjort vedtak om overføring av Statnett sine såkalla flaskehalsinntekter til underliggende nett. Sygnir har fått overført 44 MNOK i 2022, noko som gjorde at i staden for å auka nettleiga ytterlegare, kunne selskapet setje ned nettleiga med 15% til hushald- og næringskundar frå 1. mars 2023.

Driftsresultat vart på 48,2 MNOK i 2022, mot 28 MNOK i 2021. Årsresultatet vart på 23,1 MNOK, samanlikna med 15 MNOK for 2021.

Selskapet sine totale anleggsmidlar på 984 MNOK er i hovudsak knytt til varige driftsmidlar som nettanlegg, bygningar og transportmiddel på til saman 982,6 MNOK.

Sygnir har gjennomført betydelege investeringar dei siste åra. I 2022 var netto investeringar totalt 125 MNOK i Sygnir mot 68 MNOK i 2021. Overdraging og kjøp av Fonndøla transformatorstasjon frå Statnett (tidlegare Leirdøla transformatorstasjon) utgjorde den største einskildinvesteringa. I tillegg har det vore betydeleg aktivitet i samband med tilknytning av ny kraftproduksjon i Lærdal.

Digitale tenester/ telekom

Digitale tenester omfattar sal av kommunikasjonsløyningar i regi av Sognenett AS og eigarskap til fibernett i Sogn gjennom selskapet Sognekraft Fiber AS. Sognekraft eig 70% av Sognenett AS og 78% av Sognekraft Fiber AS.

Sognenett leverer internettaksess og kommunikasjonsløyningar for privatpersonar, operatørar og verksemdar. Stabilt og raskt internett er høgt verdsett i alle kundesegment. Tal aktive breibandkundar har auka med 5% til totalt 8857 kundar. Sognenett jobbar vidare med sikring av verdiar i selskapet gjennom strategiske prosessar og sterkt kundefokus. I tillegg vert det arbeidd med å utvide produktspekteret til IT-tenester for i større grad å bli ein totalleverandør av digitale tenester og del av ei større verdikjede.

Sognenett sine inntekter for 2022 vart på 67 MNOK i 2022, ei auke frå 64 MNOK i 2021. Driftsresultatet vart på vel 10,2 MNOK, samanlikna med 9,8 MNOK i 2021. Årsresultatet for selskapet vart på 8,1 MNOK for 2022, som er ein auke på 0,5 MNOK frå året før.

Sognekraft Fiber sel fiberkapasitet til dei andre selskapa i konsernet samt forvaltar avtalen/samarbeidet med Sognenett AS. Omsetninga i 2022 vart på 17 MNOK, ein auke på 1 MNOK frå 2021. Driftsresultatet auka frå 6 MNOK i 2021 til 8 MNOK i 2022, medan årsresultatet vart på 3,7 MNOK.

Samfunnsansvar og berekraft

Sognekraft er ei drivkraft i Sogn. Det inneber at Sognekraft sin aktivitet skal medverke til positive ringverknader i regionen. Sognekraft set krefter i sving!

Samfunnsansvar for Sognekraft omfattar mellom anna økonomisk verdiskaping for eigarar og det å vere ei drivkraft i Sogn, produksjon av kraft frå fornybare energikjelder, utvikling og drift av ein kritisk infrastruktur for samfunnet, ein berekraftig og mest mogleg skånsam bruk av naturen, samt omfattande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Tilrettelegging for framtidige grøne næringar i Sogn

I 2022 skipa Sognekraft selskapet Sogn Utvikling, saman med Sognekraft sine eigarkommunar. Føremålet med selskapet er å skape framtidige grøne arbeidsplassar – for nye og eksisterande innbyggjarar i Sogn – basert på kortreist straum produsert i Sogn og levert gjennom nettet til Sygnir. Sogn Utvikling skal identifisere og utvikle forretningsområde der ein i Sogn har særlege føresetnadar for å lukkast. Vidare skal selskapet utvikle og forvalte viktige lokalitetar med potensiale for etablering av kraftkrevjande verksemd. Det vil også vera viktig å bygge relasjonar og legitimitet mot eigarar, lokalsamfunn og strategisk relevante aktørar.

Utdanning

For framtidig rekruttering er det er viktig at det vert utdanna nok kandidatar med fagkompetanse innan dei faga Sognekraftkonsernet nyttar. Konsernet tek såleis eit spesielt ansvar innafor elektrofaga, men har også hatt lærlingar innafor andre fag. Det er ei målsetjing at 8-10 prosent av dei tilsette i konsernet har utviklingsstatus, enten som lærling eller som trainear.

Vasskraft og miljø

Reguleringsanlegg og kraftstasjonar medfører at naturgitte høve vert endra, men konsernet si verksemd belastar ikkje natur eller samfunn utover det som er normalt for denne type verksemd. Sognekraft gir samstundes eit monaleg positivt bidrag til miljøet med ein kraftproduksjon der 100% kjem frå fornybare kjelder.

Regulering av vassdrag kan påverke livsgrunnlaget for fisk. For å kompensere for dette er det sett i verk ulike tiltak. I Leikangerprosjektet er det utarbeidd

eigen overvakingsplan for Henjaelvi. Her har og førtilstanden vorte kartlagt og skal fylgjast opp med etterundersøkingar seinare. Ved behov vil det bli etablert tersklar o.l. i elva. Det er elles etablert rugekassar for fossefall i elva.

Sognekraft Produksjon AS arbeidar med ei oppgradering av Trastadalsdammen i samarbeid med Leikanger kommune. Her har ein valt å installere mikro turbin og solceller. Vidare er det lagt straumledning og fiberkommunikasjon til alle inntaka i Henjadalen i staden for ei konvensjonell løysing med dieselaggregat som startar innimellom for å lade opp ein batteripakke.

I samband med rehabilitering av dam ved utløpet av Store Trastadalsvatn, vart det ikkje søkt om fornya løyve innan fristen til å halda vatnet nedtappa. Det er elles ikkje registrert brot på manøvreringsreglementet eller negative miljøhendingar som følgje av vasskraftproduksjonen.

Etter utbygging av Årøy kraftverk for 40 år sidan, vart tidlegare flaumvasstandar vesentleg reduserte sidan ein har auka overføringskapasiteten frå Veitastrondvatnet til Hafslovatnet. Saman med køyring av Årøy kraftverk reduserer dette flaumtoppane i periodar med store tilsig. Dei siste åra har ein likevel opplevd tre tilfelle av flaum. Hausten 2014, hausten 2018 og våren 2020 var det svært høge tilsig som resulterte i så høg flaumvasstand at det oppstod skade på bygningar. Det var også flaum i Indre Sogn i 2022 som påførde skade i fleire småkraftverk, men flaumtoppen nådde ikkje bygningar på Veitastrond denne gongen. Det er ingen tvil om at flaumperiodane no kjem hyppigare. Truleg skuldast dette klimaendringar.

Infrastruktur og berekraft

Sygnir er monopolleverandør av samfunnskritisk infrastruktur innanfor sitt geografiske område. Fornybar energi og kraftoverføring er viktig for å løyse både globale og lokale klimautfordringar, og behovet for kapasitet i straumnettet aukar grunna mellom anna sterkt auka elektrifisering og endra forbruk. Selskapet si viktigaste oppgåve er å levere trygg og stabil straumforsyning til alle typar forbrukskundar, både næring og husstandar, samt levere nettilgang for kraftprodusentar.

Sygnir sin aktivitet påverkar natur, miljø og samfunn lokalt. Selskapet legg stor vekt på å forvalte oppgåvene sine på ein ansvarsfull og framtidsretta måte. Sygnir fokuserer difor på å gjennomføre utvikling, bygging og drift av straumnettet i regionen på ein berekraftig og mest mogleg skånsam måte.

I eit moderne samfunn vert den digitale infrastrukturen opplevd som svært kritisk i høve oppetid og kapasitet. Opphavelag var Sogn ein kvit flekk på fiberkartet til den nasjonale telekomleverandøren. Regionrådet tok då initiativ til at energiselskapa koordinerte ei satsing på ein regional fiberstamveg gjennom Sogn frå om lag 2005. Sognenett har sete i førarsetet for å tilby husstandar og næringsdrivande i Sogn breiband gjennom fiberkabel. Resultatet av satsinga er at Sognesamfunnet har godt over 95% fiberdekning. Det er ei dekningsgrad i landstoppen. Sognenett sine kommunikasjonsløysingar bidreg aktivt til berekraft gjennom å redusere behovet for transport og såleis reduserte klimagassutslepp.

Beredskap

Sognekraft er ein beredskapsorganisasjon med vaktordningar i straumnett, kraftproduksjon og breiband/fiber 24 timar i døgeret. Nettselskapet Sygnir har implementert ei rekkje beredskapstiltak, slik som redundante transformeringskapasitetar på viktige forsyningspunkt i nettet, godt utbygd driftsstyring med høg grad av fjernstyring, betra tilstandsovervaking av nettanlegga, plassering av anlegga i framkomeleg terreng, utvida rydegater langs viktige kraftleidningar og tosidig innmating der det er mogeleg og økonomisk forsvarleg.

Det er etablert beredskapsavtalar med omkringliggjande bransjeaktørar om utveksling av materiell og personell ved større kriser som ekstremvær eller andre særskilte hendingar. Sognekraft er kjend med risiko for truslar innan økonomisk kriminalitet og dataangrep mot nettsider som kan påverke beredskapsorganisasjonen.

Arbeidsmiljø og personale

Personale

Ved utgangen av 2022 var det 140 tilsette i konsernet Sognekraft, der åtte av desse er lærlingar. Tal tilsette aukar gradvis.

HMS

Selskapa i konsernet arbeidar kontinuerleg for eit trygt arbeidsmiljø, og med mål om ingen arbeidsrelaterte skader, eller ulykker. Arbeidsmiljøet er tilfredsstillande. Det vert lagt til rette for fysisk aktivitet, tilrettelegging og aktiv oppfølging av langtidssjukemelde i tråd med målsetjingane i avtalen om inkluderande arbeidsliv.

Sjukefråværet for konsernet var på 6,5 % mot 5,6 % i 2021. Det er variasjonar mellom selskapa når det gjeld sjukefråvær. Korttidsfråværet var på 1,9 % i konsernet. Det er tett dialog mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar for å førebyggje og redusere sjukefråværet.

I 2022 er det rapportert inn to ulykker/skadar med fråvær. Den eine hendinga var ei alvorleg ulykke i samband med linjebygging i Sygnir. Etter ei tids sjukefråvær er den tilsette tilbake i full jobb. Det vart utført intern og ekstern gransking og deretter sett i verk system- og informasjonstiltak for å hindre tilsvarende hendingar.

Det er ikkje rapportert om ulykker/skadar med legebehandling utan fråvær i 2022.

| År | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 |
|----------------------------------|------|------|------|------|------|
| H1 (skadefrāværsfrekvens) | 7 | 0 | 6 | 6 | 0 |
| H2 (skadefrekvens) | 7 | 4 | 11 | 29 | 6 |
| F-verdi (skadefrāvær) | 45 | 0 | 6 | 6 | 0 |



Likestilling

Kraftproduksjon og bygging og drift av infrastruktur er tradisjonelt mannsdominerte bransjar. Konsernet har retningslinjer for tilsetjing som skal fremje likestilling, og har elles eit lønssystem som er kjønnsnøytralt og skal hindre ulik handsaming. I konsernet er det kvinner i alle selskap, morselskapet har nærast lik del kvinner og menn. I konsernstyret er to av åtte medlemmer valt av og blant tilsette. Desse er menn.

Nøkkeltal for likestilling i konsernet per 31.12.2022 går fram av følgjande tabell:

| | Totalt | Tal menn | Tal kvinner | Kvinnedel |
|--------------------------------|--------|----------|-------------|-----------|
| Konsernstyret | 8 | 5 | 3 | 38 % |
| Konsernleiinga | 6 | 4 | 2 | 33 % |
| Leiargruppene i selskapa | 15 | 11 | 4 | 36 % |
| Seksjons- og avdelingsleiingar | 17 | 13 | 4 | 24 % |
| Tal lærlingar | 8 | 8 | 0 | 0 % |
| Tal tilsette Sognekraft AS | 21 | 10 | 11 | 52 % |
| Tal faste tilsette konsernet | 140 | 114 | 26 | 19 % |

Diskriminering

Konsernet aksepterer inga form for diskriminering. Sognekraft har etiske retningslinjer og rutinar for varsling av kritikkverdige forhold.

Åpenhetsloven

Åpenhetsloven tredde i kraft 1. juli 2022. Lova skal fremja verksemder sin respekt for grunnleggande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, og sikre allmenta tilgang til informasjon. Det pågår arbeid med kartlegging for aktsemdsvurderingar som skal dokumenterast i ein rapport med status per 31.12.2023 som skal publiserast på selskapet sine heimesider innan 30. juni 2023.

Føretaksstyring

Risikostyring og internkontroll

Sognekraft har risikohandbok som identifiserer og dannar rammer for dei viktigaste risikofaktorane. Desse omfattar marknadsaktivitetar, finansforvaltning, rammevilkår og drift. Styret sitt tilsynsansvar vert ivareteke gjennom jamleg rapportering av økonomisk status og prognosar, samt rapportering av drift, økonomi og framdrift i større prosjekt. Selskapet har i internkontrollsystemet instruksar for og risikoanalysar av utvalde arbeidsprosessar.

Marknadsrisiko

Den finansielle risikoen er knytt til endringar i pris og volum ved produksjon og handel av kraft, samt finanskostnader. Risikoanalysar syner at kraftpris er den faktoren som er mest avgjerande for selskapet sitt resultat. Kraftprisane vert mellom anna påverka av vêret, brenselprisar og prisar på CO₂-kvotar. Vidare vil den generelle økonomiske aktiviteten i samfunnet, storleiken på kraftproduksjonen frå andre energikjelder enn vasskraft, og overføringskapasitet mellom prisområde og over landegrensar bety mykje. Nedbørsforhold og temperatur medfører store endringar i prisar og produksjonsvolum frå år til år.

Manglande transportkapasitet som fylgje av flaskehalsar i overføringsnett, kan føre til store prisutslag og skilnader mellom kraftprisområda.

Marknadsrisikoen har vore styrt gjennom terminsikring av deler av framtidig produksjon. Det er etablert fullmakter, rammer og rapportering for all handel. Handelsaktiviteten vert gjort av eksterne. Dei store skilnadane som har vore mellom systempris, som krafta har blitt prissikra til og områdeprisen NO5 som Sognekraft sin produksjon vert levert til, gjer at prissikringa i 2022 har vore mindre effektiv. Den finansielle kraftmarknaden er delvis sett ut av spel av det spesielle prisbiletet og likviditeten er dramatisk redusert. Selskapet har som følgje av dette redusert sikringsaktiviteten frå slutten av 2021.

Skatt dempar resultatendringane, ikkje minst på grunn av grunnrenteskatten som medfører ein marginalsatt på kraftproduksjon på 67 %. Høgprisbidraget på 23 % reduserer oppsida, men ikkje nedsiderisiko.

Kapitaltilgang og likviditet

Det er utarbeidd ei heilskapleg finansieringsløyising som grunnlag for investeringar i kraftnettet og ny vasskraftproduksjon. Selskapet sin låneavtale med syndikatet sett saman av Danske Bank, DNB og Sparebanken Vest sikrar finansiering fram til hausten 2023. Selskapet sine lån er i norske kroner. Auka lånegjeld medfører at endring i rentenivået påverkar selskapet sitt resultat i større grad. Det vart i 2020 inngått avtalar om rentesikring av 70 % av forventa lånesaldo i 10 år framover, som eit risikodempane tiltak. Konsernet sin likviditet er tilfredsstillande opp mot omfanget av eksisterande verksemd.

Finansiell risiko

Syndikatlånet for finansiering av morselskap og konsern er den største einskildforpliktinga til Sognekraft AS. Lånet har ei ramme på 1,8 MRD og er avdragsfritt i låneperioden. Det medfører avgrensa risiko knytt til innlån i løpetida.

På litt lengre sikt er den største finansielle risikoen knytt til tilgang til finansiering i kapitalmarknaden og prisen på slik finansiering. Tilgang til finansiering avheng både av utviklinga i finansmarknadene og konsernet si kredittverdighet. Prisen på finansiering avheng av marknadsrentene og den spesifikke kredittmarginen som vert lagt til. Kredittmarginen avheng av selskapet

og konsernet si kredittverdighet og utviklinga i kredittmarknaden.

Operasjonell risiko

I strategiplanen har styret utarbeidd overordna føringar for selskapet si utvikling. Strategiplanen vert jamleg rullert og det vert utarbeidd årlege handlingsplanar med tiltak og tidsplanar. I selskapet sitt kvalitetssystem, Soludyne, vert arbeidsprosessar dokumenterte og evaluerte. Risiko- og sårbarheitsanalysar danner grunnlag for tiltak for å redusere sårbarheit innafor dimensjonane HMS, økonomi og forsyningstryggleik. I arbeidet med HMS vert det elles jobba målretta med rutiner, rapportering og analyse av uynskte hendingar for å redusere risiko for skade.

Rammevilkår

Det er risiko knytt til selskapet og bransjen sine rammevilkår. Dette omfattar i hovudsak spesielle skattar og avgifter for energibransjen, regulering av nettverksemda samt rammevilkår for potensielle nye aktørar og kundar.

Generelt er det også politisk risiko på vegen mot eit berekraftig fornybarsamfunn. Dette har vorte forsterka gjennom det siste halve året då energiprisane har nådd nye høgder. Politisk har ein valt å setje inn tiltak på kort varsel, men utan at det har vore tid nok til å gjennomføra ordinære konsekvensanalysar.

Omstilling

Digitalisering og automatisering er viktig når det gjeld styring og vedlikehald av kraftverka Sognekraft har ansvar for. Det er lagt ned mykje arbeid i innhenting av produksjonsdata i sanntid som grunnlag for produksjonsplanlegging, automatisk justering av produksjonsplanar og overvaking av kraftverka gjennom kontrollsystema. Dei fleste av småkraftverka har installert autostartfunksjon slik at elvekraftverka startar når tilsiget er stort nok. Ein vurderer også å innføre automatisert lukestyring i magasinkraftverka og overgang til tilstandsbasert vedlikehald.

Digitalisering av kraftsystem gir Sognekraft høve til ei meir presis nettstyring og til å tilby betre oppfølging av kvar kunde. Nettet kan styrast på nye måtar som sikrar leveringskvalitet og betre grunnlag for planlegging av reinvesteringar og nye investeringar. Bransjen generelt er i stor omstilling, både digitalisering og endra rammevilkår vil ha stor påverknad på utviklinga. Det pågår store omstruktureringar i bransjen, det gjeld også for Sognekraft, med omstruktureringa av konsernet.

Eigarforhold og eigarstyring

Sognekraft AS sin aksjekapital består av 7211 aksjar kvar pålydande 20.000 kroner. 2260 er A-aksjar og 4951 er B-aksjar. Aksjane i aksjeklasse B kan berre eigast av stat, fylkeskommune,

kommunar eller selskap som stettar krava i konsesjonslova § 4. Aksjar i aksjeklasse A er etter vedtektene fritt omsettelege.

Eigarstyring av konsernet vert utøvd gjennom generalforsamling og vedtekter i tråd med aksjelova sine reglar. I samband med konsernetableringa vart det også etablert eit sett med styringsdokument som omhandlar organisering og styringsprinsipp, roller, ansvar og fullmakter. Det er lagt opp til at den norske anbefalinga «Eierstyring og selskapsledelse» skal vera rettleiande og supplerande for styringa i konsernet.

Forsikring for styret sine medlemmer og dagleg leiar

Det er teikna forsikring for styret sine medlemmer og leiande tilsette for det personlege erstatningsansvaret for formuesskade som dei kan pådra seg i samband med utøving av sine verv (styre- og leiaransvar). Forsikringa er teikna på marknadsvilkår i eit internasjonalt forsikringsselskap med solid rating.

Vidare utvikling

Energimarknadene er i sterk omstilling og etterspurnaden etter berekraftige energiløysingar er stor. Dei siste åra har vore prega av store endringar og til dels uføresette utfordringar. Samstundes som det skjer ei omstilling frå fossile til fornybare energikjelder opererer bransjen i eit komplekst politisk landskap, både nasjonalt og internasjonalt. Sognekraft forventar at den auka geopolitiske spenninga, eit endra trusselbilde, store endringar i pris og tilgang på råvarer og større uvisse om framtida er noko som vil vare ved i fleire år. Styret vil såleis legge endå større vekt på risiko, førebyggjande tryggingstiltak og kontinuerleg vurdering av framtidsscenario i tida framover.

Kraftprisane i 2022 var prega av energikrisa i Europa og svak hydrologi ved inngangen til året i Sør-Noreg. Store prisskilnader innanlands mellom prisområda i Sør-Noreg og prisområda lenger nord er eit resultat av manglande overføringskapasitet nord-sør både innanlands og via Sverige. Gjennomsnittleg kraftpris for Vestlandet (NO5), der Sognekraft har 80% av sin kraftproduksjon var på 194 øre/kWh i 2022, men med store skilnader gjennom året. Resterande produksjon er i prisområde Midt-Noreg (NO3), der gjennomsnittleg pris var på 43 øre/kWh.

Gjennomsnittleg kraftpris for NO5 i første kvartal 2023 var på 117 øre/kWh.

Terminmarknaden for kraft syner ein reduksjon frå nivået i 2022. Marknaden forventar elles fallande prisar fram mot 2030 før dei stabiliserer seg.

Energikommisjonen konkluderte nyleg med at det er behov for eit dramatisk taktskifte i utbygginga av fornybar kraftproduksjon. Forbruksveksten som følgje av elektrifisering har auka sterkt, samtidig som det er få utbyggingsprosjekt som er klare for bygging på land. Utbygginga av havvind kan ta lang tid fordi tilgangen på leverandørar og materiell er for liten. Analyser viser at ein kan ha eit underskot på kraft i Noreg i løpet av 3-4 år. Viss utvekslingskapasiteten mot utlandet ikkje er stor nok, kan fornybar kraft bli eit knappheitsgode der ein i periodar igjen møter svært høge prisar. Sognekraft vil i så måte vera godt posisjonert. Feios kraftverk er planlagt klart til drift i 2026, og bygginga av kraftverka i Offerdal i Årdal kommune kan starta så snart ein har fått avklart nettilgang. Det vert også arbeidd med fleire mindre utbyggingsprosjekt og oppgraderingar.

Elektrifiseringa medfører at infrastrukturen i kraftsystemet blir endå viktigare. Nettforsterkingar innanlands og i Norden må byggast i forkant av endringar i forbruk som fylgje av elektrifiseringa av samfunnet. Nettselskapet Sygnir er blant landets 20 største nettselskap og er såleis sterkare rusta til å møte framtidig utvikling i bransjen. Det er

stor etterspurnad etter nettkapasitet i Sygnir sitt forsyningsområde. Ein forventar at dette aukar i takt med at elektrifiseringa held fram. Sygnir har eit kontinuerleg fokus på å leggje til rette for nytt forbruk så smart og kostnadseffektivt som mogleg.

Sognenett AS, i lag med Sognekraft Fiber AS, har gjennom mange år bygd seg opp til ei verksemd som disponerer attraktiv fiberkapasitet og kan tilby digitale tenester til store landsdekkande kundar.

Sognekraftkonsernet si inntening er i stor grad basert på vasskraftproduksjon. Naturlege variasjonar knytt til nedbør, tilsig og kraftpris gjer at konsernet sitt økonomiske resultat svingar. Ettersom gassprisen i Europa og magasinfyllinga i Sør-Noreg har normalisert seg gjennom vinteren 2022/2023 forventar styret ein lågare kraftpris i 2023 samanlikna med 2022. Styret forventar såleis eit lågare underliggjande konsernresultat i 2023 enn i 2022.

Vik, 2. mai 2023

Geir Arve Sandvik
Styreleiar

Laura Kvamme
Nestleiar

Grethe Hjetland
Styremedlem

Arne Andreas Riisnes
Styremedlem

Silje Skaar Sunde
Styremedlem

Jens Andreas Melheim
Styremedlem

Rune Svedal
Styremedlem

Terje Bakke Nævdal
Konsernsjef

Jomar Leirdal
Styremedlem

Resultat

| Konsern | | | | Morselskap | |
|------------------|------------------|---|------|-----------------|----------------|
| 2021 | 2022 | Beløp i 1000kr | Note | 2022 | 2021 |
| 722 886 | 1 469 397 | Inntekter frå energisal | 3 | 0 | 0 |
| 162 547 | 217 935 | Inntekter frå kraftoverføring | 6 | 0 | 0 |
| 68 543 | 68 588 | Telekominntekter | 2 | 0 | 0 |
| 75 820 | 39 486 | Andre driftsinntekter | 2 | 33 570 | 28 449 |
| 1 029 795 | 1 795 406 | Sum driftsinntekter | | 33 570 | 28 449 |
| 417 768 | 722 521 | Energikjøp | 3 | 0 | 0 |
| 29 075 | 23 649 | Overføringskostnader | | 0 | 0 |
| 12 417 | 16 116 | Anna varekostnad | | 246 | 187 |
| 459 260 | 762 286 | Sum varekostnad | | 246 | 187 |
| 52 101 | 53 794 | Ordinære avskrivningar | 4 | 218 | 18 |
| 85 065 | 91 405 | Personalkostnader | 14 | 15 | 22 098 |
| 56 038 | 53 734 | Andre driftskostnader | 14 | 18 | 14 062 |
| 14 241 | 13 616 | Eigedomsskattar og avgifter | | 144 | 194 |
| 207 446 | 212 549 | Sum driftskostnader | | 36 522 | 32 620 |
| 363 089 | 820 571 | Driftsresultat | 2 | -3 197 | -4 358 |
| 21 147 | 48 555 | Inntekt på investering i andre selskap | 5 | 16 | 104 746 |
| 8 781 | 33 700 | Finansinntekter | 16 | | 50 062 |
| 45 776 | 38 456 | Finanskostnader | 20 | 16 | 42 140 |
| 15 848 | -43 799 | Netto finanskostnader | | -112 668 | -99 391 |
| 347 241 | 864 370 | Resultat før skattekostnad | | 109 471 | 95 033 |
| 97 360 | 356 064 | Skattekostnad grunnrente | | 0 | 0 |
| 62 513 | 179 469 | Skattekostnad på ordinært resultat | 11 | 1 110 | -521 |
| 159 873 | 535 533 | Sum skattekostnad | | 1 110 | -521 |
| 187 368 | 328 837 | Årsresultat | 1 | 2 | 108 362 |
| 5 983 | 7 758 | Minoriteten sin del av årsresultatet | 12 | | |
| 181 385 | 321 079 | Årsresultat etter minoritetsinteresser | | | |
| 41 620 | 97 607 | Føreslege utbytte til utbetaling | | 95 906 | 40 000 |
| 139 766 | 223 472 | Overføring annan egenkapital | | 12 455 | 55 554 |

Eigendelar

| Konsern | | | | Morselskap | | |
|------------------|------------------|---|-------------|------------------|------------------|--|
| 31.12.2021 | 31.12.2022 | Beløp i 1000kr | Note | 31.12.2022 | 31.12.2021 | |
| | | Anleggsmidler: | | | | |
| | | Immaterielle eigendelar: | | | | |
| 10 110 | 0 | Utsett skattefordel | 11 | 597 | 833 | |
| 155 867 | 155 867 | Fallrettar | | 0 | 0 | |
| 1 122 | 1 574 | Andre immaterielle eigendelar | 4 | 0 | 0 | |
| 167 099 | 157 441 | Sum immaterielle eigendelar | | 597 | 833 | |
| | | Varige driftsmidler: | | | | |
| 142 308 | 139 568 | Tomter, bygningar og annan fast eigendom | 4 | 871 | 643 | |
| 129 936 | 168 379 | Reguleringsanlegg og kraftstasjonar | 4 | 0 | 0 | |
| 833 017 | 935 163 | Nett- og fiberanlegg | 4 | 0 | 0 | |
| 35 899 | 34 726 | Fjernvarmeanlegg | 4 | 0 | 0 | |
| 105 485 | 114 767 | Andre driftslausøyre | 4 | 1432 | 844 | |
| 92 115 | 73 733 | Anlegg under arbeid | 4 | 951 | -53 | |
| 1338 760 | 1466 336 | Sum varige driftsmidler | 4 10 | 3254 | 1433 | |
| | | Finansielle anleggsmidler: | | | | |
| 0 | 0 | Investeringar i dotterselskap | 5 8 | 474 533 | 474 473 | |
| 0 | 0 | Langsiktig lån til dotterselskap | 8 21 | 1 128 968 | 1 277 455 | |
| 322 706 | 240 759 | Investeringar i tilknytte selskap | 5 21 | 200 | 395 | |
| 238 798 | 238 791 | Langsiktig lån til tilknytte selskap | 8 21 | 0 | 0 | |
| 246 880 | 246 870 | Investeringar i andre aksjar og andelar | 5 | 88 958 | 88 958 | |
| 76 156 | 76 581 | Andre langsiktige fordringar | 8 | 0 | 0 | |
| 884 539 | 803 000 | Sum finansielle anleggsmidler | | 1692 660 | 1841281 | |
| 2390 399 | 2426 777 | Sum anleggsmidler | | 1696 511 | 1843 547 | |
| | | Omløpsmidlar: | | | | |
| 11 711 | 15 452 | Varelager | | 0 | 0 | |
| | | Fordringar: | | | | |
| 78 049 | 116 305 | Kundefordringar | | 5 352 | 104 | |
| 0 | 0 | Fordringar konsern | 21 | 114 253 | 73 966 | |
| 10 826 | 0 | Netto mindreinntekt | 6 | 0 | 0 | |
| 24 804 | 61 146 | Andre fordringar, forskotsbetalte kostnader | | 2 521 | 2 872 | |
| 113 679 | 177 451 | Sum fordringar | | 122 125 | 76 942 | |
| 78 633 | 290 664 | Bankinnskot, kontantar og liknande | 7 | 108 122 | 14 395 | |
| 204 023 | 483 567 | Sum omløpsmidlar | | 230 248 | 91 337 | |
| 2 594 422 | 2 910 344 | SUM EIGENDELAR | | 1 926 758 | 1 934 885 | |

Eigenkapital og gjeld

| Konsern | | | | Morselskap | | |
|------------------|------------------|---|-------------|------------------|------------------|--|
| 31.12.2021 | 31.12.2022 | Beløp i 1000kr | Note | 31.12.2022 | 31.12.2021 | |
| | | Eigenkapital | | | | |
| | | Innskoten eigenkapital | | | | |
| 144 220 | 144 220 | Aksjekapital | 13 12 | 144 220 | 144 220 | |
| 468 695 | 468 695 | Overkurs | 12 | 468 695 | 468 695 | |
| 612 915 | 612 915 | Sum innskoten eigenkapital | 12 | 612 915 | 612 915 | |
| | | Opptent eigenkapital | | | | |
| 182 178 | 412 741 | Annan eigenkapital | 12 | 66 078 | 54 447 | |
| 87 628 | 94 649 | Minoritetsinteresser | 12 | 0 | 0 | |
| 269 806 | 507 389 | Sum opptent eigenkapital | | 66 078 | 54 447 | |
| 882 721 | 1120 304 | SUM EIGENKAPITAL | 12 22 | 678 993 | 667 362 | |
| | | Gjeld | | | | |
| | | Avsette forpliktingar | | | | |
| 17 120 | 17 596 | Pensjonsforpliktingar | 15 | 4 779 | 4 373 | |
| 27 781 | 20 985 | Utsett skatt | 11 | 0 | 0 | |
| 44 901 | 38 581 | Sum avsette forpliktingar | 19 | 4 779 | 4 373 | |
| | | Langsiktig gjeld | | | | |
| 1 180 000 | 950 000 | Gjeld til kredittinstitusjonar | | 950 000 | 1 180 000 | |
| 860 | 387 | Øvrig langsiktig gjeld | | 0 | -0 | |
| 1 180 860 | 950 387 | Sum langsiktig gjeld | 9 10 | 950 000 | 1 180 000 | |
| | | Kortsiktig gjeld | | | | |
| 84 613 | 70 272 | Leverandørgjeld | | 3 259 | 3 987 | |
| 0 | 64 | Leverandørgjeld i konsern | 21 | 1 781 | 2 980 | |
| 44 600 | 45 898 | Skattetrekk, feriepengar, offentlege avgifter | 7 | 2 808 | 1 438 | |
| 146 341 | 533 953 | Avsett til påløpne skattar | 11 | 642 | 0 | |
| 168 766 | 28 580 | Påløpne kostnader / anna kortsiktig gjeld | 17 | 188 590 | 34 745 | |
| 0 | 24 699 | Netto meirinntekt | 6 | 0 | 0 | |
| 41 620 | 97 607 | Utbyte | 12 | 95 906 | 40 000 | |
| 485 940 | 801 072 | Sum kortsiktig gjeld | | 292 986 | 83 150 | |
| 1 711 701 | 1 790 040 | Sum gjeld | | 1 247 765 | 1 267 523 | |
| 2 594 422 | 2 910 344 | SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 1 926 758 | 1 934 885 | |

Vik, 2. mai 2023

Geir Arve Sandvik
StyreleiarLaura Kvamme
NestleiarGrethe Hjetland
StyremedlemArne Andreas Riisnes
StyremedlemSilje Skaar Sunde
StyremedlemJens Andreas Melheim
StyremedlemRune Svedal
StyremedlemTerje Bakke Nævdal
KonsernsjefJomar Leirdal
Styremedlem

Kontantstrømanalyse

| Konsern | | | Morselskap | |
|-----------------|-----------------|---|-----------------|-------------------|
| 2021 | 2022 | | 2022 | 2021 |
| | | Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar | | |
| 347 241 | 864 370 | Ordinært resultat før skattekostnad | 109 471 | 95 033 |
| -2 641 | -146 753 | Betalt skatt i perioden | 0 | 0 |
| 52 101 | 53 989 | Ordinære av- og nedskrivingar | 218 | 18 |
| -46 616 | -566 | Gevinst sal av anleggsmiddel | 0 | 0 |
| -9 747 | -53 555 | Postar klassifisert som investering / finansielle aktivitetar | -104 746 | -100 896 |
| -1 668 | -3 742 | Endring i varelager | 0 | 0 |
| -22 887 | -38 256 | Endring i kundefordringar | -5 248 | -104 |
| 39 989 | -14 277 | Endring i leverandørgjeld | -1 927 | 6 967 |
| 5 206 | 773 | Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar | -651 | 5 792 |
| 17 358 | -134 005 | Endring i andre tidsavgrensingspostar | -36 261 | -59 120 |
| 158 031 | 0 | Effekt av fisjon og fusjon i året | 0 | 0 |
| 536 367 | 527 979 | Netto kontantstrøm frå operasjonell aktivitet | -38 948 | -52 310 |
| | | Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar | | |
| 46 616 | 566 | Innbetalt frå sal av anleggsmiddel | 0 | 0 |
| 0 | 2 820 | Innbetalt frå sal av aksjar | 0 | 46 616 |
| -179 226 | -181 241 | Utbetalingar ved kjøp og tilvirking av varige driftsmidlar | -2 039 | -1 451 |
| -23 | 0 | Bankbeholdning i selskap ut av konsern | 0 | 0 |
| -47 821 | -36 808 | Utbetalingar frå andre investeringsaktivitetar | 148 427 | -1 228 346 |
| 9 747 | 168 351 | Innbetalingar frå andre investeringsaktivitetar | 104 209 | 53 301 |
| -156 617 | 0 | Effekt av fisjon og fusjon i året | 0 | 0 |
| -327 324 | -46 312 | Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar | 250 597 | -1 129 880 |
| | | Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar | | |
| -0 | 327 739 | Innbetalt frå opptak ny langsiktig gjeld | 0 | 1 180 000 |
| -220 576 | -558 213 | Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld | -230 000 | 0 |
| 0 | 2 458 | Innbetalt frå opptak av ny kortsiktig gjeld | 152 078 | 31 012 |
| -16 069 | -41 620 | Utbetaling av utbytte | -40 000 | -14 509 |
| 762 | 0 | Effekt av fisjon og fusjon i året | 0 | 0 |
| -235 883 | -269 636 | Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar | -117 922 | 1 196 504 |
| -26 840 | 212 031 | Netto endring i kontantar og bankinnskot | 93 727 | 14 313 |
| 105 473 | 78 633 | Behaldning av kontantar og bankinnskot pr. 01.01. | 14 395 | 82 |
| 78 633 | 290 664 | Behaldning av kontantar og bankinnskot pr. 31.12. | 108 122 | 14 395 |

Notar

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova frå 1998 og er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar.

Prinsipp for inntekts- og kostnadsføring og klassifisering av postar

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Kostnader vert medteke i rekneskapen i den perioden dei påkjem. Eignelutar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eignelutar er klassifisert som omløpsmidlar. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omløpsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omløpsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsvardi.

Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje skrive opp til verkeleg verdi som fylgje av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

Konsolidering og konsernrekneskap

Konsernrekneskapen er sett opp for å vise tala for morselskapet Sognekraft AS og dotterselskapa som ei økonomisk eining. Alle vesentlege transaksjonar mellom selskapa er eliminerte i konsernrekneskapen. Meir- og mindreverdiar frå konserndanninga er førde til kostpris og avskrive lineært med lik plan balanseverdi dei er knytte til. Selskapsrekneskapa for dotterselskapa er oppsett etter god rekneskapskikk.

Minoriteten sin del resultat etter skatt er vist som eiga linje etter konsernet sitt årsresultat. Minoriteten sin del av eigenkapitalen er vist som eiga linje under eigenkapitalen.

Dotterselskap

Dotterselskap er alle selskap der konsernet har bestemmande påverknad. Bestemmande påverknad er normalt oppnådd når konsernet eig meir enn 50 % av aksjane i selskapet, og er i stand til å utøve faktisk kontroll over selskapet.

Utbyte

Utbyte frå døtre og tilknytt selskap er inntektsført i det året dei vert avsett i selskapsrekneskapen. I konsernrekneskapen vert utbyte eliminert vekk mot anna eigenkapital.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert avskrive over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over estimert økonomisk levetid.

Medeigarskap i andre kraftverk

Sognekraftkonsernet eig 12 % av stasjonsgruppa Vikfalli. Vikfalli inngår i Sognekraft sin rekneskap etter bruttometoden. Sal av kraft frå Vikfalli er inkludert i posten sal av kraft, driftskostnader for Sognekraft sin del er inkludert i posten energikjøp og avskrivningane inngår i posten avskrivningar i rekneskapen. Eigedomsskatt, grunnrente- og naturressursskatt for Vikfalli vert utlikna på Sognekraftkonsernet si hand og er inkludert i desse postane i rekneskapen.

Magasinnylling

I samsvar med tilråding frå Fornybar Norge vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin har likevel betydning for vurdering av det rekneskapsmessige resultatet for selskapet.

Kraftkontraktar

Alle kjøps- og salskontraktar vert periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir tilordna leverings- og mottakstidspunkt. Kontraktportefølja vert vurdert samla til faktiske prisar på sals- og kjøpskontraktar med tilsvarende volum og samanfallande leveringsperiodar. Sikringsportefølja er i hovudsak ei kontantstraumsikring, men har ein liten kortsiktig del med element av verdisikring.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. For dei øvrige kundefordringane vert det i tillegg gjort ei uspesifisert avsetning for å dekkje sannsynlege tap.

Høgprisbidraget

Høgprisbidraget er ei avgift som vart innført med verknad frå 28.09.2022. Avgifta er sett til 23% av kraftpris som overstig 70 øre per kWh. Høgprisgrunnlaget vert justert med tap eller gevinst på finansielle kontraktar inngått før 28. september 2022. Høgprisbidraget er bokført som reduksjon av inntekt.

Skattar

Sognekraftkonsernet betalar fire ulike skatteartar. Dette er alminneleg overskotsskatt, naturressursskatt, grunnrenteskatt og eigedomsskatt.

Overskotsskatt

Overskotsskatten vert utrekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Betalbar skatt vert utrekna på grunnlag av årets skattemessige resultat. Utsett skatt vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdjar.

Naturressursskatt

Naturressursskatten er overskotsuavhengig og vert utrekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten kan utliknast mot overskotsskatten. Ikkje-utlikna naturressursskatt kan framførast med renter.

Grunnrenteskatt

Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkastinga ein vasskraftprodusent har utover normalavkasting som fylgje av at produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skatten er delvis overskotsavhengig og kjem i tillegg til overskotsskatten. Skattekostnaden knytt til grunnrente i Sognekraftkonsernet sin resultatrekneskap består av betalbar skatt og endring i utsatt skatt. I utsatt skatt vert det teke omsyn til tre forhold; midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdjar for kraftverk, akkumulerte negative grunnrenteinntekter og midlertidige skilnader vedrørende netto pensjonsforpliktelsar knytt til kraftverka. Ved aktivering av utsatt skatt vert nominell skattesats på 45 % brukt.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatten er ei overskotsuavhengig avgift som vert berekna basert på ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjør inntil 0,7 % av taksten. I rekneskapen er eigedomsskatten inkludert i driftskostnader. Eigedomsskatt for kraftverk vert fastsett på grunnlag av skattemessig formuesverdi i likningsåret før eigedomsskatten vert skriven ut.

Konsernkontoavtale

Det føreligg konsernkontoavtale mellom Danske Bank på den eine sida og selskapa i Sognekraft på den andre sida. Morselskapet Sognekraft AS er konsernkonto innehavar, medan døtre er underkonto innehavarar i konsernkontosystemet. Sognekraft AS presenterer mellomværande mot bank som bankinnskot. Mellomverande innad i konsernkontosystemet vert presentert som mellomverande mellom konsernselskap. Konsernkonto innehavar og underkonsernkonto innehavar er solidarisk ansvarleg for mellomverande mot Danske Bank, inntil kr 2.150.000.000

Andre driftsinntekter

Inntekt vert resultatført når den er opptjent. Inntektsføring skjer difor normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tenester.

Erstatningar / konsesjonskraft

Det vert gitt ulempeserstatningar og vederlag for bruksrett til vassfall og grunn i form av eingongserstatningar, årlege erstatningar og konsesjonskraft. Eingongserstatningar vert aktivert på anlegg og avskrive. Årlege erstatningar vert kostnadsført i resultatrekneskapet og uttak av tilkjent konsesjonskraft inngår i inntekter frå energisal.

Kontantstraumoppstilling

Kontantraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metode.

Valuta

Transaksjonar i utenlandsk valuta vert omrekna til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utenlandsk valuta vert omrekna til norske kroner ved bruk av valutakurs på balansedag. Valutakursendringar vert resultatført løpande i rekneskapsperioden under andre finanspostar.

Investering i tilknytte selskap


Tilknytte selskap er selskap der Sognekraftkonsernet har vesentleg påverknad. Det føreligg normalt når selskapet eig og kontrollerar frå 20 % til 50% av dei stemmeberettiga aksjane. Investering i tilknytte selskap vert rekneskapsført etter kostmetode i selskapsrekneskapa og eigenkapitalmetode i konsernet.

Investering i aksjar og andeler

Øvrige aksjeinvesteringar som ikkje er dotterselskap eller tilknyttta selskap vert klassifisert som andre aksjar og andeler og vert balanseført til kostpris. Investeringar vert nedskreve til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er rekna å vere forbigåande.

Spesielle kraftleftleveransforpliktelser

Selskapet har ei forplikting til å levere 8,6 GWh konsesjonskraft årleg til kommunar knytt til utbygginga i Årøy. Levering skjer til gjeldande konsesjonskraftpris.



Note 2 Driftsresultat fordelt på forretningsområde


| Konsern | | | | | | | | |
|--------------------------|-----------------|---------------|----------------|---------------|---------------------|-----------------------|----------------|--|
| Beløp i 1000kr | Kraftproduksjon | Nett | Fiber/ telekom | Anna verksemd | Morselskapstenester | Interne transaksjonar | Sum konsern | |
| Driftsinntekter | 1 556 139 | 252 390 | 68 452 | 1 843 | 33 570 | -116 988 | 1 795 406 | |
| Energikjøp | 710 291 | 67 904 | 0 | 0 | 0 | -55 674 | 722 521 | |
| Sentralnettsavgifter | 11 973 | 17 354 | 0 | 0 | 0 | -5 678 | 23 649 | |
| Anna varekostnad | 357 | 11 515 | 6 124 | 0 | 246 | -2 126 | 16 116 | |
| Løns- og personalkostnad | 18 480 | 37 102 | 14 223 | 0 | 22 098 | -498 | 91 405 | |
| Ordinære avskrivningar | 13 932 | 24 081 | 15 006 | 194 | 218 | 364 | 53 794 | |
| Øvrige driftskostnader | 44 564 | 46 233 | 14 640 | 705 | 14 206 | -53 013 | 67 335 | |
| Driftsresultat | 756 541 | 48 202 | 18 460 | 945 | -3 197 | -364 | 820 586 | |

Note 3 Kraftproduksjon, kraftsal og kraftkjøp

| Produksjon i GWh | 2022 | 2021 | Gj.sn. årsproduksjon |
|---|------------|------------|----------------------|
| Årøy I og II kraftverk (100% eige verk) | 388 | 352 | 349 |
| Mundalselvi kraftverk (100% eige verk) | 1 | 0 | 13 |
| Vikfalli (12% medeigar) | 90 | 109 | 100 |
| Vadheim Kraft AS (100% aksjepost) | 49 | 42 | 52 |
| Leikanger Kraft AS, delvis drift i 2021 (50% aksjepost) | 104 | 72 | 104 |
| Nydalselva Kraft AS (50% aksjepost) | 37 | 27 | 36 |
| Kuvelda Kraft AS (49% aksjepost) | 14 | 2 | 18 |
| Svelgen Kraft AS (10% aksjepost) | 77 | 68 | 71 |
| Sum | 760 | 672 | 743 |

Kraftsal og kraftkjøp

Sognekraft Produksjon AS handlar aktivt i kraftmarknaden. Portefølja inneheld eigenproduksjon, kjøp av konsesjonskraft frå kommunane i konsesjonsområdet og kjøps- og salskontraktar for framtidig levering. Kraftsals- og kraftkjøpskontraktar med levering i same periode vert samanstillt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vera i portefølja vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført. Eigenproduksjonen vert i denne vurderinga lagt inn som ein kjøpskontrakt med kjøpspris lik sjølvkost.



Note 4 Anleggsmidlar

| MORSELSKAP Beløp i 1000 kr | Anskaffelseskostnad 01.01.2022 | Tilgang 2022 | Avgang 2022 | Anskaffelseskostnad 31.12.2022 | Akkumulert av- og nedskrivning | Bokført verdi 31.12.2022 | Årets ordinære avskrivning | Årets nedskrivning | Øk. levetid (snitt) år |
|-----------------------------------|-----------------------------------|-----------------|----------------|-----------------------------------|-----------------------------------|-----------------------------|-------------------------------|--------------------|---------------------------|
| Tomt, bygg og annan fast eigendom | 655 | 262 | 0 | 916 | 45 | 871 | 34 | | 30 |
| Driftslausøyre | 850 | 772 | 0 | 1622 | 190 | 1432 | 184 | | 8 |
| Sum | 1504 | 1985 | 0 | 3490 | 236 | 3254 | 218 | 0 | |

| KONSERN Beløp i 1000 kr | Anskaffelseskostnad 01.01.2022 | Tilgang 2022 | Avgang 2022 | Anskaffelseskostnad 31.12.2022 | Akkumulert av- og nedskrivning | Bokført verdi 31.12.2022 | Årets ordinære avskrivning | Årets nedskrivning | Øk. levetid (snitt) år |
|---|-----------------------------------|-----------------|----------------|-----------------------------------|-----------------------------------|-----------------------------|-------------------------------|--------------------|---------------------------|
